

2006 Kammar i vælt

Redaksjonens bevinga ord

Redaksjonen av denne trykksak har gjort noko spesielt i år. Vi kjem med eit nytt opplag av dette programmet. Ikkje det at vi haR FÅTT KRITIKK AV AT FØRSTE OPPLAG HAR VORE DÅRLEG. Heller tvert om. Men redaktøren er eit petimeter, og det er alltid noko som må rettast på. Først og fremst må vi få med kva Mira held med på på side 24. Ei ungjente som steker vaflar, det må vi ha med. I tillegg var eit par annonser litt blasse. Det har vi gjort noko med. I tillegg er det gjort nokre små endringar.

Vi kan også på denne måten gje fersk rapport om korleis premiera gjekk. Som vi er vant med gjekk den heilt utmerket. Det var ein fantastisk revy i fjor, kanskje den beste av dei alle. Somme påstår at denne var minst like god, redaktøren held ein knapp på den som var i fjor. Vonde tungar vil ha det til at det er fordi han ikkje vart nemnt i år. I alle fall er det ein fantastisk innsats alle på scena gjennomfører. Revyen fortjener fulle hus alle fem dagane.

Like imponert er vi over dugnadsinnsatsen dei siste dagane. Dei som var innom for nokre dagar sidan, kunne ikkje forstå at her skulle det bli revy snart. Men laurdagen, mange timar før premiera, var sal, foajè, utområdet og møtelokalet i andre etasje (premierestlokalet) ryddig og fint. Foajèen er ennå ikkje heilt ferdig, men den er likevel blitt fole fin.

Til slutt vil eg takke våre trufaste sponsorar for fantastisk god støtte. Det gjekk også i år lettare enn venta å få tak i annonsar. Heile 34 stk vart det til slutt. Dette til tross for at mange av dei er med på å finansiere det nye amfiet som skal kjøpast inn.

Revysjefen har ordet

Velkomne til årets Tresfjordrevy, som har fått det velklingande namnet ”KAMMAR I VÆLT”. Eit Tresfjorduttrykk som vart brukt når arbeid eller anna gjekk anleis enn dei hadde tenkt. KAMMAR I VÆLT er den femtande revyen ungdomslaget har sett opp på rad.

Me har som før om åra hatt ei prosess der me har skreve, forkasta, vore motlause og også vart svært nøgde med sluttproduktet. Den yngre garde ottast ofte for kva sensuren vil seie (sensuren = underteikna), men det går for det meste greitt.

Me vil takke alle som på sin måte er med på å få revyen i hamn. Ei ekstra takk til dei som meir eller mindre ufriviljug er med på å bidra til tekstane våre.

Me vonar de vil få det hyggeleg, og med ein og anna gapskratt i lag med oss.

Anne Iversen
Revyleiar

Husstyreformannen sitt bidrag

Etter lang tids press frå redaktøren, må også eg bidra med nokre ord. Kva eg skal skrive om i denne trykksak, er eg ikkje så sikker på. Eg må vel skrive om det eg har mest greie på for tida. Og det er å bygge ungdomshus. Det er eit stort oppdrag eg har gått i bresjen for. Men det blir eit fole fint påbygg. Naturlegvis skulle det vore fleire med på dugnad. Vil du hjelpe til etter påske, er du svært då velkommen. Det blir sikkert litt rolegare med dugnad framover, men vi

har planer om å støype golv i kjellaren. Det er målet at vi skal ha do inne snart. Og det er på tide. Dei vi har no har gått ut på dato for lengst.

I det siste har aktiviteten på huset vore fantastisk. Det har vore revyøving og dugnad samtidig. Og som han Øyvind ofte seier; vi arbeider berre under press. Det blir ofte i siste liten, men vi kjem i mål som oftast. Huset blir presentabelt, og revyen blir innøvd (i alle fall nesten), når revygjestane kjem laurdagskvelden. Og etterpå er det fest!!!

Tor Erik
Husstyreformann

PS: Ledig jobb som hushjelp oppi hagå. Lønn etter mi økonomiske evne. Og den er ikkje stri. Så eg må vel ta oppvasken sjølv. Og den har auka i det siste.

Intervju med ein av våre debutantar

Mira mira frå langt vekk

Mira er ny her på Tresfjordrevyen, men det er ikkje først og fremst derfor vi har valgt å intervjuje akkurat ho. For det første har ho smme fødselsdato som redaktør (postmenn) Pat. For det andre snakkar ho rart. Og for det tredje er intervjuet laga for å fylle eit lite tomrom i programmet, og Mira var den einaste vi hadde bilete av.

Men for å løfte saklighetsnivået eit bitteleite hakk høgare enn resten av revyen, stilte eg eit par relevante spørsmål. **Kvifor snakkar du så dårleg Tresfjording?** -Eg er fødd i Tresfjord, men stakk av så fort dåpen var over. Sidan har eg budd litt i Oslo, og litt i Hedemark, men så flytta eg tilbake hit for å gå på skule. **Kvifor blei du med i revyen då?** –Det var delvis tvang. Ho andre tuppå på Øvstedalen (gullstrupa red. anm) ville ha meg med. Og så er det gøy også da.

Bjørnar Olsen
Lausarbeidar

Dei som er med:

På scena:

Jon Petter trio Syltebø
Mira mira Bergum
Laila nabotausa Jøsvoll
Team Lasse, Øvstedal & Bruaset
Rita Gullstrupe Kjersheim
Anne revyugle Iversen
Terje gjestearartist Øvstedal
Den aller minste Georg Moen
Den største bukken Olsen, Bjørn Inge

Instruktør:
Endre Skar

Sufløser:
Randi Øvstedal
Rigmor Olsen

Musikk:

Trekkspæl: Knut Ivar Bøe (maestro)
Gitar: Trond Salthammer
Bass: BasseBernt Hansen
Slagverk: Mats Hugo Frostad

Sceneknøla:

Martin Olsen
Georg Moen jr.

Kioskansvarle:

Siv Bente Hubred

Lyd og lys:

Tresfjord Lyd Å Lys
Øyvind Rypdal
Tor Erik pipen Christensen
Lyd å lys polakka:
Ole Anders Hubred
Remi Bergum

Sying:

Anne på dala Kjerheim

Kulissa:

Per fy Flate

Sminke:

Kate Lange
Eva Jensen
Gunn Vold

Påkåmmar:

Tor Elling Kjersem

Sjefsmaskråke:

Lars Erik Hubred

Program/sponsora:

Redaktør: Postkom
Redaksjonsass: Holun

Plakata:

Bjørnar Olsen

Bilætta å pengestyrar:

Bjørn Inge Olsen

Program 1. akt

- 1. Bjøndelsen**
- 2. Bladfyk**
- 3. Tausinj**
- 4. Lurinjinj**
- 5. Tuspinj**
- 6. Ongkarskonsulenten**
- 7. Lare**
- 8. Blitzljøse**
- 9. Ansøkningsen**
- 10. Puslespæle**
- 11. Rækjepuse**
- 12. Lydprøve på Romsdalsmusea**
- 13. Kalv mæ hånnj**

Program 2. akt

- 1. Nytt gålv**
- 2. Offa me læll**
- 3. Luskingarna**
- 4. Drittlei**
- 5. Bakkalavvo**
- 6. Stortrua**
- 7. Åpe?**
- 8. Ikkje hølt høtt**
- 9. Søndagskampen**
- 10. Slåttsbal**
- 11. Ka e høst?**
- 12. Oppsop**
- 13. Den smale sti**
- 14. Agrikulturell tyning**
- 15. Ændinj!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!!**